

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 10. februar 2021

Møtet vart gjennomført som nettmøte via Teams

Til stades:

Frå gruppe A: Esmira Nahhri (arabisk), Erik Tonning (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Benedicte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Åsta Haukås (tysk), Åse Johnsen (instituttleiar).

Frå gruppe B: Johanne Kalsaas.

Frå gruppe C: Gita Rongevær.

gruppe D: Robin Eriksen, Othilie Langholm, Clara Debus, Oda Westad.

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjende. Kalsaas har meldt inn ei sak under eventuelt om situasjonen for gruppe B.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 12. november 2020 og av sirkulasjonssak 1-2021

Både referatet og sirkulasjonssaka er godkjende utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Dei fleste faga ved IF har gode oppmeldingstal til eksamen våren 2021.
- B. Instituttet har mange vikarar og andre mellombels tilsette dette semesteret òg. Så langt våren 2021 har vi 22 vikarar o.l., ni undervisningsassistentar finansiert av fakultetet, seks lærarar i toarstillingar og i tillegg ei lita gruppe assistentar på forskings- og utviklingsprosjekt.
- C. Instituttleiinga arbeider med å revidera ressursrekneskap, arbeidstidrekneskap og satsane for timeutteljing/førebuingsfaktorar. Det blir lagt fram ei sak om dette først for UUI og deretter for instituttrådet våren 2021.
- D. Uthaug orienterte om utlysinga av instituttleiarstillinga ved IF, der det har kome sju søkjarar.
- E. Uthaug orienterte om den store arbeidsmiljøundersøkinga (ARK) i 2021.
- F. Det er sendt inn fire søknader til NFR frå instituttet innan fristen 10.2. Instituttet ved Margareth Hagen/Aldringsprosjektet har i tillegg fått ein Marie Curie-stipendiat.

Sak 4 – Rekneskap 2020 og budsjett 2021

Uthaug orienterte om rekneskapen for 2020 og om driftsbudsjettet (GA) for 2021.

Framlegg til vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek driftsbudsjettet for 2021 og tek rekneskapen for 2020 til vitende.

Instituttet lyser ut ein tredje frist tidleg i haustsemesteret for forskings- og publiseringsstøtte dersom det er tilstrekkeleg midlar igjen.

Sak 5 – Nominasjonskomité for Institutt for framandspråk

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet peikar ut Bente Hannisdal (gruppe A), Johanne Kalsaas (gruppe B), Gita Rongevær (gruppe C) og Robin Eriksen (gruppe D) som nominasjonskomité for instituttrådet ved Institutt for framandspråk.

Sak 6 – Ymse,

Johanne Kalsaas tok opp den krevjande situasjonen for gruppe B, og særleg stipendiatane, under korna-pandemien. Tilsette i rekrutteringsstillingar er blitt meir eller mindre isolerte frå kollegaar og fagmiljø, og heller ikkje kunna gjennomføra konferansar, kurs og feltarbeid som planlagt. Prosessen med søknader om forlenging av stipendiatperioden har òg vore uoversiktleg og krevjande. Kalsaas lurte på kva instituttet kunne gjera for å sikra denne gruppa medarbeidarar best mogleg.

Instituttleiar Åse Johnsen delte uroa både for medarbeidarar i rekrutteringsstillingar og for mange andre ved instituttet. Midtvegsevalueringane for stipendiatane går sin gang. Instituttleiar vil dessutan senda ut ei påminning til rettleiarane om at det er viktig å prioritera oppfølginga av stipendiatane i den krevjande situasjonen vi no er i. Når det gjeld korona-relatert forlenging av stipendiatperioden, er det framleis mogleg å senda inn søknader om dette. Forskingskoordinator Kevin McCafferty førebur ein karrieredag våren 2021 for ph.d.- og postdoktorstipendiatar ved instituttet. Instituttleiar oppmoda òg stipendiatane om å ta kontakt med henne eller med forskingskoordinator dersom dei støyter på problem eller har noko dei vil ta opp. Instituttet vil gjerne koma i møte søknader om økonomisk støtte til samlingar og hms-tiltak. Instituttleiar oppmoda samstundes studentane sine fagutval om å senda søknader om tiltak for studentane.

Kalsaas spurde òg om bruken av framdriftsrapporteringane ved IF: Kan instituttet bruka dette meir aktivt for å sikra at stipendiatane fullfører? Instituttleiar svara at IF vil arbeida med å følgja opp desse rapportane meir aktivt enn før.

Åse Johnsen
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
Administrasjonssjef